

FRIDOMEN

(parvise til Fredløysa)

*Otte er åleine med sine tankar
etter frifinninga*

Tekst & musikk
**FREDDIE
LANGRIND**

Eg slepte meg fram som eit dyr i ei dimme
på flukt med eit kvelande tJOR
mot fristad og krypinn i hule og kyrkje,
og lenkjer set spor.

Dei kviskra og slarva i krokar og krikar
og samla sin trollskap i ord.
No sit eg i tryggleik og kjenner på prisen,
at lenkjer set spor.

Dei klemte og skvisa all krafta eg åtte,
sjølv dei som var søster og bror.
No lossnar dei taket og byr meg til sete,
men lenkjer set spor.